

Påmelding.

- Digital påmelding til konfirmantåret kan ein gjere på nettsida vår: kyrkja.no/naustdal – meld deg gjerne på før de kjem på innskrivinga
- Ta med ferdig utfylt avtale til samtale, som ligg ved dette brevet – hugs underskrift på begge skjema.

Konfirmantkontingent

Pris for konfirmantåret (konfirmantfestival, leir, mat på undervisnings-samlingane, bok, materiell med meir) **kr.1 500,-**

Har de utfordringar i forhold til pris? Ta kontakt med oss. Vi ser fram til å møte eit nytt konfirmantkull, og til godt samarbeid med dykk som foreldre/føresette.

Med helsing

Fredrik Bråttvik, ungdomsprest

Rigmor Frøyen, Sokneprest

Dersom de har spørsmål, ta gjerne kontakt på mobil

Fredrik 478 85 850

Rigmor 489 57 436

e-post: fredrik.brattvik@sunnfjordkyrkja.no

e-post: rigmor.froyen@sunnfjordkyrkja.no



III:

Konfirmasjon 2024:

- **5.mai 2024: konfirmasjon i Vevring**
- **12.mai 2024: Konfirmasjon i Naustdal**

VELKOMEN SOM KONFIRMANT I KYRKJA

2023/ 2024!

**Har du tenkt på om du vil vere konfirmant i kyrkja?
Her kjem litt informasjon om kva som skjer og kva du er
med på som konfirmant i Naustdal og Vevring.**

Innskriving:

Vi ynskjer velkomen til innskriving for konfirmantar tysdag 30. mai kl 18:00/19.00

På samlinga blir det ein kort felles informasjonsbolc, deretter har vi ein kort samtale med kvar konfirmant saman med foreldre/føresette.

Konfirmantåret inneheld mykje forskjellig. Det står det meir om i denne foldaren. Det er ikkje alt som er ferdig planlagt enno, difor er det ein del datoar og detaljar rundt opplegg som vi må komme tilbake til. Det er fint om de ser gjennom informasjonen og snakkar litt om kva du tenkjer om å vere konfirmant.

Er du usikker eller er det noko du lurer på, før du bestemmer deg, kan vi ta ein prat om det på innskrivinga.

Vi ynskjer at konfirmantane får ei god tid hos oss og i vil leggje til rette for eit år der konfirmantane har det kjekt, opplever fellesskap, lærer meir om trua og veks som menneske.

KVA SKJER I KONFIRMANTÅRET?

Konfirmant-tida er mykje meir enn sjølve konfirmasjonsdagen i mai.

Undervisningsamlingar

Alle undervisningssamlingar føregår utanom skuletid, på kyrkjelydshuset og i kyrkja. Datoer og tidspunkt kjem vi tilbake til, men det vil bli møtepunkt ca ein gong i måneden.

Klubbkveldar:

Vi vil og ha nokre klubbkveldar i semesteret som vil vere på søndagar. Ein klubbkveld kan innehalde aktivitet i hallen, mat, tema og førebuing til for eksempel ei felles gudsteneste. Klubbkveld er obligatorisk på lik linje med undervisningssamlingar.

Gudstenester

Konfirmantane går på 9 gudstenester i løpet av året. Felles for alle (obligatoriske) er desse fire: presentasjonsgudsteneste, lysmesse, temagudsteneste og konfirmasjonsdagen.

I tillegg inviterer prest Fredrik til eit påskeplask etter gudstenesta 1. påskedag! Berre å krysse av i kalenderen: 31.mars 2024

Tenesteoppgåver

Ein del av konfirmantåret vil vere å bli kjent med kyrkja sitt arbeid. Konfirmantane blir tildelt ulike oppgåver i gudstenester, er med som medhjelpar på samlingar for yngre årsgrupper, til dømes: 4-års samling, Lys Våken, Tårnagent m.m.

Konfirmantfestival laurdag 28.okt. – 2023

Dagsarrangement med ulike aktivitetar saman med konfirmantar frå andre stader i Sunnfjord. Dette vert ein stor «happening»! Berre å glede seg!

Konfirmantleir feb/mars 2024: Konfirmantleir er kjekt – vi reiser på leir, mest sannsynleg i febr/mars 2024 – meir informasjon om dette kjem når det er avklart

Innsamlingsaksjon mars -2024:

Årleg innsamlingsaksjon der konfirmantane samlar inn til eit prosjekt for Kirkens Nødhjelp.

Tema og spørsmål vi arbeider med i konfirmasjonstida

- ❖ Kva er viktig i den kristne trua?
- ❖ Venskap. Relasjonar. Kjærleik
- ❖ Kva er bøn?
- ❖ Kva er eigentleg dåp og nattverd?
- ❖ Sjølvbilete og menneskesyn
- ❖ Sorg og glede. Godt og vondt. Kva med alt det vonde i verda?
- ❖ Nestekjærleik og solidaritet. Skal eg bry meg om dei andre?



VIKTIGE DATOAR:

- ❖ 3. september kl.11.00. Presentasjon av konfirmantar i Vevring
- ❖ 3. september kl.14.00. Presentasjonsgudsteneste i Naustdal
- ❖ 28. oktober. Konfirmantfestival
- ❖ 3.desember. Lysmesse i Naustdal.
- ❖ 10. desember. Lysmesse i Vevring.
- ❖ Leir feb/ mars 2024.
- ❖ Mars 2024: Innsamlingsaksjon for Kirkens Nødhjelp.

Datooversikt over andre samlingar vil de få tidleg i haust.